



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Vågsøy kommune
P.b. 41

6701 MÅLØY

Dykkar ref.
OLE-97/01714

Vår ref.
1998/8305 /471.1/GH
A

Hermansverk
14.8.91 med
endring seinast
22.06.2000

UTSLEPPSLØYVE TIL VEDVIK AVFALLSPASS, ENDRING

Vi viser til søknad dagsett 18.12.1998, oversending av dokumentasjon for offentlig utlegging dagsett 27.5.1999, rapport om fuglefauna dagsett 30.6.99, koordinatar for sivevassleidning dagsett 21.10.1999 og vårt førebelse svar dagsett 25.11.1999.

Vågsøy kommune søker om å få utvida fyllingsvolumet på avfallsplassen til 176.000 m³, som vil gi ei forventa levetid for plassen til om lag år 2018. Auken i høve gjeldande løyve er på om lag 125.000 m³. Auken vil skje delvis ved auka høgde og delvis ved å ta i bruk nytt deponiareal innafør eksisterande avgrensing av området som er avsett til avfallsformål.

Vågsøy kommune har nyleg fått eit oppdatert utsleppsløyve for Vedvik avfallsplass, etter ny, nasjonal standard. Gjeldande løyve er dagsett 14.8.91 med endring 7.11.97. Denne endringa vil omhandle søknaden om utvida arealbruk, og det vil verte nokre, mindre endringar på grunnlag av ny kunnskap og implementering av klagesaksavgjerd i SFT i ei anna sak, men som vil gjelde generelt.

Fylkesmannen gjer følgjande vedtak:

Med heimel i § 18, jf. §§ 16 og 29 i ureiningslova vert utsleppsløyvet dagsett 14.8.91 med endring 7.11.97, endra slik at Vågsøy kommune får, på nærare vilkår, løyve til innsamling, mottak, mellomlagring og handsaming av inntil 160.000 tonn avfall og deponering av inntil 160.000 tonn ikkje-gjenvinnbare avfallsfraksjonar, samt løyve til drift av deponiet. Avfallet skal handterast innafør eksisterande avgrensing av området¹.

Med heimel i § 6 i spesialavfallsforskrifta får Vågsøy kommune løyve til å handtere spesialavfall som omtalt i vedlegg 3. Med heimel i § 14 i spesialavfallsforskrifta gjer fylkesmannen unntak frå § 5, 2.ledd slik at

¹ Digital koordinat for midtpunkt fyllplass er omlag (EUREF89): 296950 6881700

løyveharar kan blande saman kassert utstyr som inneheld fri asbest (EAK kode 060204) og asbesthaldig isolasjonsmateriale (EAK kode 170601) med anna deponert avfall, jf. vilkår i vedlegg 3.

Løyvet gjeld for forbruksavfall, produksjonsavfall, visse typar spesialavfall og avløpsslam på nærare vilkår som er omtalt i vedlegg.

Løyvet tar til å gjelde straks, med unntak av vilkår 1.4 i vedlegg 1 om våtorganisk avfall, som tek til å gjelde 1.1.2001.

RAMME FOR LØYVET

Dette løyveskrivet gjeld for avfall (jf. § 27 i ureiningslova) og slam (jf. § 26 i ureiningslova) som løyveharar mottek på avfallsplassen i samsvar med spesifiserte vilkår. Det gjeld også for dei delane av avfallstransporten som kan medføre fare for ureining (jf. § 29 i ureiningslova).

På ein avfallsplass reknar ein med at godt komprimert avfall kan oppnå ein eigenvekt på om lag 0,9 tonn/m³. Avgrensinga på 160.000 tonn avfall svarar difor til om lag 176.000 m³ som det er søkt om.

Etter 1.1.2001 gjeld ikkje løyvet for våtorganisk avfall, med unntak av nødvendige avgrensingar på grunn av praktiske problem ved fråsortering.

Etter nedlegging av plassen vil det vere nødvendig med etterdrift ei tid, kan hende minst 30 år. Løyvet avgrensar ikkje tal kommunar som kan levere avfall til staden, men føreset at mottaket er tilpassa kapasiteten på plassen, slik at vilkåra i vedlegga til ei kvar tid er stetta.

Fylkesmannen føreset at kommunen føl den nasjonale strategien om å redusere totalmengda og gjenvinne avfallet før ein vurderer deponering. Vi ventar at hente- og/eller bringeordningar vert etablert og drivne for dei avfallsfraksjonane som vert vedteke i kommunal avfallsplan eller avtalt i samarbeid med næringslivet (bransjeavtalar m.m.). Den næraste tida må ein arbeide for minst å etablere (eller syte for aktiv og god drift av) ordningar for spesialavfall, våtorganisk avfall og slam, papir - alle fraksjonar (inkludert brunt papir for dei som ikkje kjem inn under leveringsplikta i forskrifta om brunt papir), kvite- og brunevarar, drikkekartong, glas og EE-avfall².

Vi ser det som spesielt viktig at det vert etablert handsamingsanlegg for våtorganisk avfall og slam, og henteordning³ for det miljøfarlege avfallet (spesialavfall) for private og næringsliv som genererer mindre enn 400 kg pr. år.

Fylkesmannen føreset at kommunen driv avfallsplanlegging i samsvar med § 33 a i ureiningslova. Planvedtak etter § 33 a er bindande for kommunen sine aktivitetar på

² Avfall frå elektriske og elektroniske produkt.

³ Dersom anna ordning kan dokumentere like god innsamling kan det akseptast i høve kravet i forskrifta om "tilstrekkelig tilbud".

avfallsområdet. Vi ventar vidare at dei kommunale avfallsgebyra vert differensierte, slik at det vil bidra til avfallsreduksjon og auka gjenvinning, jf § 34 i ureiningslova.

På mellomlang sikt (innan 10 år) kan ein rekne med at krav til deponering av restavfall vert ytterlegare skjerpa, slik at bionedbrytbart avfall i hovudsak ikkje skal disponerast på deponi. Ein kan rekne med at berre avfall som har vore *handsama* (sjå definisjon i vedlegg 5) på sikt kan deponerast.

GRUNNGJEVING

Vilkåra for løyvet er standardiserte vilkår som vil gjelde alle eksisterande deponi, men med enkelte lokaltilpassa krav, eller unntak frå krav. M.a. er det førebels ikkje stilt krav til gassoppsamling, og det er kravd nett.

Vedvik avfallsplass mottok for tida høvesvis lite avfall. Ulempene for nærmiljøet er i første rekkje knytt til avfallstransport, og evt. lukt, støy, fugl og flygeavfall. Krava til transport, opningstider, mottak og handsaming (m.a. krava til tildekkingsrutinar) vil etter vårt syn minimalisere ulempene. Med god tilrettelegging og utlegging av avløpsleidning i sjø reknar vi ikkje med at det vert vesentleg påverknad av sjøresipienten. Det er likevel sett strenge krav til tryggleiken og til dokumentasjon på at sikringskrava vert stetta.

Fylkesmannen har ikkje motteke særskilde merknader til søknaden, men er kjend med at det er til dels betydeleg konflikt med nabolag på grunn av flygeavfall og fugl som trekk avfall med seg. Årleg er det omtale i lokalavisa og telefonar til miljøvernavdelinga om problem med flygeavfall. Plassen ligg vêrhardt til, og i periodar må plassen halde stengt på grunn av vind. Det er difor sett krav om nett rundt alle delar av plassen som inneheld vind- eller fugleutsett avfall. Med omsyn til røynsler andre stader vil uttak av våtorganisk avfall ikkje redusere fugleulempe tilstrekkeleg til å unngå samlingar av fugl, noko den fuglefaglege utgreiinga dokumenterer. Det er sett krav om avsperrande nett (ikkje fangnett) både av omsyn til dyrevernlova og for å betre fangbarheit av flygeavfall.

Nokre ord og uttrykk som er spesielt viktige for å forstå teksten er gjengitt i vedlegg 5.

AVSLUTTANDE REGLAR

A) Endring eller attendekalling av løyvet

Med heimel i § 18 i ureiningslova kan fylkesmannen gjere om eller setje nye vilkår i løyvet. Fylkesmannen kan om nødvendig kalle heile løyvet attende. Brot på føresetnadene for løyvet, eller brot på kommunen sine eigne vedtak om oppfølging av avfallsplan kan føre til revurdering av løyvet.

B) Tilsyn og ansvar

Fylkesmannen eller den han gir fullmakt, skal til ei kvar tid ha tilgang til alle delar av anlegget, journalar, rekneskap, interne vedtak, m.m. for å føre tilsyn etter §§ 48 - 50 i ureiningslova.

Vedkomande som har fått utsleppsløyve er ansvarleg for at anlegget vert halde vedlike og drive slik at det til ei kvar tid svarar til formålet og vilkåra i løyvet. Drifts- og vedlikehaldsrutinar skal leggjast opp slik at ein til ei kvar tid har oversyn over anlegget og prosessane sine funksjonar og effektar. Ajourført informasjon skal når som helst, og utan ugrunna opphald kunne oppgjevast til kontrollør.

Dette løyvet fritar ikkje søkjaren for å hente inn løyve for andre sider av verksemda som t.d. arbeidsmiljø, helse- og landbrukslovgivinga. Merk at Kystverket må godkjenne installasjonar i sjø og kan setje krav til merking.

Alle verksemdar som sysselsett arbeidstakar, er frå 1.1.92 pliktige til å ha eit internkontrollsystem som sikrar at lover og reglar innan helse, miljø og tryggleik vert følgd (jf. § 52 b i ureiningslova og "Internkontrollforskrifta", seinast endra 6.12.1996). Fylkesmannen vil spesielt streke under plikta til å etablere og drive eit system som vernar om **det ytre miljøet** (vern mot ureining og ei betre handtering av avfall).

Sjølv om løyve er gitt, pliktar den som ureinar å svare erstatning som måtte følgje av ureiningslova og vanlege erstatningsreglar, jf. kap. 8 og § 10 i ureiningslova.

C) Brot på løyvet eller vilkår for løyvet

Med heimel i § 73 i ureiningslova kan fylkesmannen fastsetje ureiningsgebyr (tvangsmulkt) til staten for å sikre at tiltak og vilkår vert gjennomførde i samsvar med løyveskrivet.

For ordens skuld gjer vi merksam på at brot på dette løyvet eller pålegg i tilknytning til løyvet, kan straffast etter ureiningslova, jf. kap. 10, dersom tilhøva ikkje vert råka av strengare strafferammer.

D) Om klageretten

Partane og andre med klagerett etter forvaltningslova kan klage over avgjerda eller vilkår i løyvet innan 3 veker etter at avgjerda vart mottatt. Eventuell klage bør grunngjevast og rettast til Statens forurensningstilsyn (SFT). Klagen skal sendast om fylkesmannen som kan ta klagen heilt eller delvis til følgje eller sende han til SFT til endeleg avgjerd.

Med helsing

Nils E. Yndesdal
fylkesmiljøvernssjef

Gøsta Hagenlund
seksjonsleiar (tlf. 57 65 51 44)

Vedlegg: Vilkår

Gjenpart m/vedlegg:

Asbjørn Utnes, 6710 Raudeberg

Harry Vedvik, 6710 Raudeberg

Leif Kråkenes, 6710 Raudeberg

Helge Kvangarsnes, 6710 Raudeberg

Jonny Bakke, 6710 Raudeberg

Vågsøy fiskarlag, v/Arvid Teige, 6710 Raudeberg

Statens forurensningstilsyn, p.b. 8100 Dep., 0032 Oslo

Kystverket, 2.distrikt, p.b. 466, 5501 Haugesund

Arbeidstilsynet, 9.distrikt, p.b. 527, 6001 Ålesund

Intern: GH (2), VASS

VEDLEGG

INNHALD

Vedlegg 1 A Vilkår for løyve til avfallshandteringa og etablering og drift av avfallsplassen

- 1 Omfang av løyvet**
- 2 Oppbygging av plassen og tilrettelegging av området**
- 3 Vern mot/kontroll av utslepp**
- 4 Tiltak på og drift av plassen**

Vedlegg 1 B Særskilde vilkår for handtering av våtorganisk avfall inkludert avløpslam ved avfallsplassen

- 1 Mengdeavgrensing**
- 2 Lokalisering og tilrettelegging**
- 3 Prosess og drift**
- 4 Kontroll og miljøovervaking**

Vedlegg 2 Særskilde vilkår for etablering og drift av gjenvinningsanlegg ved avfallsplassen

Vedlegg 3 Liste over spesialavfallstypar som kan takast i mot på avfallsplassen, og særskilde vilkår for handtering av slikt avfall

Vedlegg 4 Særskilde vilkår for mottak av oljeheldig avfall frå akutte utslepp på sjø eller land

Vedlegg 5 Nokre definisjonar på viktige ord og uttrykk

Vedlegg 1 A

Vilkår for avfallshandteringa og etablering og drift av Vedvik avfallsplass

0. Prinsipp for handtering av avfall

Løyvet omfattar handtering av avfall som treng særskild løyve etter ureiningslova. Det er føresett at prinsippa om avfall i ureiningslova, St.meld. nr. 44 (1991-92) og St.meld. nr. 8 (1999 – 2000) vert lagt til grunn for kommunale vedtak om avfall. Vidare ventar ein at samfunnsøkonomiske vurderingar skal liggje til grunn for val av løysingar. I val mellom tiltak som vert vurdert å vere tilnærma like skal førebyggjande tiltak som 1) avfallsreduksjon og 2) gjenvinning prioriterast framfor 3) deponering eller forbrenning utan energiutnytting.

Løyvehavar må leggje retningslinene i § 2 i ureiningslova til grunn for si handtering. I tillegg til det som er nemnd over vert det spesielt peikt på arbeidet med å redusere dei totale avfallsmengdene og ta i bruk best tilgjengeleg teknologi.

Slutthandtering av ikkje-sortert avfall skal ikkje vere ein prisgunstig handteringsform. Prisenivået bør fastsetjast slik at det løner seg føretaksøkonomisk å nytte etablerte gjenvinningsordningar.

1. Omfang av løyvet

1.1 Ansvar. Leiinga av avfallsanlegget skal ivaretakast av ein fysisk person som er fagleg kompetent til å leie anlegget og sikre at personalet får nødvendig opplæring.

Kommunen skal halde miljøvernavdelinga hos fylkesmannen oppdatert til ei kvar tid over namn, telefon og evt. e-post adresse til leiar ved anlegget.

1.2 Mottak av avfall. Avfall som vert motteke, skal vurderast for ombruk og gjenvinning før restavfall vert disponert på kontrollert måte i samsvar med vilkåra her. Plassen kan nyttast til mottak av forbruksavfall og produksjonsavfall. Produksjonsavfall frå industri som har særskild utsleppsløyve etter ureiningslova kan berre takast i mot etter samtykke frå fylkesmannen. Spesialavfall kan berre handterast etter dei spesifikke avgrensingane som er nemnd i vilkåra eller i eige skriv.

Det er ikkje tillate å tynne ut eller blande avfall med det formålet å oppfylle krav for mottak av avfall.

./. For handsaming av **våtorganisk avfall** (matavfall o.l. frå hushaldningar og stor-kjøkken, avløpslam m.m.) gjeld tilleggsvilkåra i vedlegg 1 B.

./. Avfall som ikkje er samla inn ved ordinære renovasjonsrutar, skal **sorterast** i samsvar med vedlegg 2.

./. For disponering av visse typar **spesialavfall**, gjeld tilleggsvilkåra i vedlegg 3.

./ Avfallsplassen skal førebu og leggje til rette for å ta imot **oljeheldig avfall frå akutte utslepp**. Vilkår i vedlegg 4 må stettast i tillegg til vilkåra nemnd nedanfor. Løyvehavar får med dette plikt til å ta imot slikt avfall etter nærare instruks frå statleg aksjonsleiing ved aksjonar etter akutte utslepp.

1.3 Avfall som treng særskild pålegg eller samtykke. Følgjande avfall må takast imot etter særskild pålegg eller samtykke frå fylkesmannen:

- ☐ Industriavfall (produksjonsavfall frå industriverksemd).
- ☐ Silgods/ristgods frå silar/ristar ved avløpsreinseanlegg.
- ☐ Flytande avfall.
- ☐ Anna avfall som kan deponerast etter særskild vurdering.

Løyvehavar må bu seg på mottak av slikt avfall. Mengd, typar og opphav skal gå fram av journalen, jf. vilkår 4.1.1 og skal rapporterast særskild saman med ordinær rapportering, jf. vilkår 4.7.

1.4 Avfall som ikkje skal deponerast:

- ☐ Risikoavfall (problemavfall)⁴ frå sjukehus, klinikkar, andre helseinstitusjonar, dyrehospital som ikkje er handsama i samsvar med krav frå helsetilsynet⁵.
- ☐ Spesialavfall (miljøfarleg avfall) som går inn under spesialavfallsforskrifta, batteriforskrifta, PCB-forskrifta eller andre lover/forskrifter om spesialavfall, med unntak av spesialavfall som er tillate etter vedlegg 3.
- ☐ Våtorganisk avfall.
- ☐ Eksplosivt, etsande, sjølvtennande eller lett tennbart avfall.
- ☐ Avfallsfraksjon som det er etablert nasjonale eller lokale gjenvinningsordningar for.

Evt. sluttdisponering av desse avfallstypene på staden krev eiga løyve eller samtykke av respektive styresmakter.

1.5 Mengdeavgrensing. Restavfall som må deponerast skal avgrensast mest mogeleg, i samsvar med nasjonale mål for avfallspolitikken og krav frå kompetent statleg ureiningsstyresmakt.

Dette løyvet gjeld for ei total avfallsmengd på 160 000 tonn. Årleg mengd skal avgrensast til den mengda som det til ei kvar tid er kapasitet til å ta forsvarleg hand om på avfallsplassen.

1.6 Mellomlager for organisk avfall. Det kan etablerast mellomlager for handsama kompost av avløpsslam, våtorganisk avfall og organisk/uorganisk tilsatsmateriale som er nødvendig for ein komposteringsprosess.

Det kan også etablerast mellomlager for reine massar og andre særskild tillatne dekkmassar.

⁴ Sjå rettleiingsmateriale frå arbeidstilsyn (m.a. Arbeidsmiljølova) og fylkeslege.

⁵ Sjå m.a. IK-2348 frå Helsedirektoratet.

Mellomlager og intern transport av mellomagra avfall, avfallsprodukt eller tilsetningsmateriale skal skje slik at det ikkje oppstår fare for ureining av miljøet, og slik at det ikkje er fare for ureining av det ferdig handsama avfallet. Det skal heller ikkje vere fare for blanding av ulike avfallsprodukt, ulike tilsetningsmateriale o.l.

Mellomlager skal berre etablerast på særskild avsette og avgrensa område, og skal vere avmerkt på detaljkart.

2. Oppbygging av plassen og tilrettelegging av området

2.1 Sikring mot vassureining. Plassen skal vere sikra mot ukontrollert inn- og uttregning av vatn etter punkta 1-4 nedanfor.

Det skal utarbeidast tekniske detaljplanar for sikringa mot ukontrollert tilsig og avsig før nytt deponiområde kan takast i bruk. Plan skal sendast inn til vurdering av fylkesmannen på førehand. Det er ikkje tillate å deponere noko avfall på nytt område før fylkesmannen skriftleg har gitt samtykke og krava i vilkåra er fylt. Miljøvern-avdelinga hos fylkesmannen skal vere løpande orientert om arbeidet, og ha høve til å kontrollere kvart steg av arbeidet.

2.1.1 Overflatevatn. Overflatevatn (diffust tilsig, elvevatn) skal avskjerast før det kjem inn på områda som no eller seinare skal nyttast til deponi, kompostering, mellomlagring eller anna handtering av avfall. Grøftene skal ha kapasitet svarande til minst maksimal årleg avrenning i driftsperioden for anlegget inkl. etterdriftstida.

Dersom det etter nærare teknisk og økonomisk vurdering er utilrådeleg å føre overflatevatnet utanom fyllinga, kan det førast i røyr under fyllinga under tetttingslaget (sjå 2.1.2). Overflatevatnet kan leiast til vassdrag nedanom fyllinga. Vatn som kan ha kome i kontakt med avfall skal kontrollerast regelbunde for evt. påverknad. Røyr som vert ført under fylling skal minst dimensjonerast slik:

- * Styrke til å tôle minst maksimal fyllingshøgde inkludert avslutningslag og arbeid med tung maskin (kompaktor).
- * Dobbelt, uavhengig drencsystem som kvar har kapasitet svarande til maksimal avrenning i eit normalår. Det må og takast omsyn til, og hindre at evt. grunnvatn kan trengje opp i fyllinga (gjennom tetttingslaget) frå undersida.
- * Systemet må kunne reparerast utan at omfattande oppgraving er nødvendig.
- * Material og oppbygging må ha kvalitet som sikrar levetid (inkludert vedlikehald) tilsvarande brukstida til fyllinga pluss nødvendig etterdriftstid.

2.1.2 Botntetting og sigevatn. Det skal førast fullstendig kontroll med mengd, avrenning og samansetjing av sigevatn. Det er ikkje tillate å deponere noko avfall på nytt areal utan at det er utført tiltak for å sikre full kontroll med sigevatnet. Grunnvatn skal ikkje verte nemneleg påverka. For eksisterande fylling gjeld kravet så langt det let seg gjere utan at det vert nødvendig med omfattande graving i allereie deponert avfall⁶. Ureina grunnvatn skal så langt råd pumpast til sigevassleidning.

Med full kontroll meiner vi her botntetting som svarar til ein permeabilitet mindre enn $K = 1 \times 10^{-9}$ m/s målt i vassmetta tilstand.

⁶ Graving i eksisterande fylling for drencrøyr, gassbrønnar o.l. tilpasningar må påreknast.

Plan for sikring av nytt fyllingsområde skal vere sendt inn til fylkesmannen for vurdering på førehand. Det er ikkje tillate å starte deponering på nytt fyllingsområde utan at fylkesmannen har gitt skriftleg vurdering av planen.

Alt sigevatn og vatn som er påverka av sigevatn frå fyllingsområda skal samlast opp og førast via oppsamlingseining ved avfallsplassen i tette røyr til Ulvesundet. Leidningen skal ha nødvendige inspeksjonspunkt og høve for staking og spyling. Alle røyr, koplingar, kummar m.v. skal utgjere eit varig tett system, og ha den nødvendige styrken til å tole nedgraving, vassmengde og den teoretiske oppstuinga i leidningen. Leidningen må ha tilstrekkeleg forankring (evt. tyngde) i sjøen til å ikkje endre tracé på grunn av straum eller bølger.

Sigevatnet skal sleppast på min. 20 m djup og slik at teoretisk stigehøgde om sommaren ikkje når høgare enn minus 5 m frå overflata. Utsleppspunktet skal vere minst 100 m frå land. Nøyaktige kart og koordinatar (UTM) skal sendast til fylkesmannen.

Sigevassleidninga skal dimensjonerast for å ta hand om maksimal avrenning slik at overløp vert unngått.

Krav til mengdemåling og analysar av sigevatn er gitt i kap. 3. Ved oppsamlingseininga ved avfallsplassen skal det vere høve til mengdeproporsjonal prøvetaking.

2.2 Etappevis utbygging. Deponiet skal takast i bruk etappevis slik at minst moglege av avsett område er aktivt.

2.3 Fugl og vind. Utviklinga av fuglebestand i området skal dokumenterast. Som minimum skal det kartleggast før oppstart av aktivitet og kvart 10 år. På grunnlag av granskinga skal ein vurdere tiltak dersom utviklinga i fuglebestandane er negativ som følgje av drifta.

Naturleg fuglebestand må også kartleggast *før det vert ny, omfattande anleggsdrift* i område som i dag ikkje er regulert til fyllplassområde. Ein må kunne dokumentere mengde og fordeling av naturleg fuglebestand i influensområdet til plassen, kva innverknader drifta kan ha hatt så langt, og sannsynleg utvikling framover.

Det skal etablerast heildekkande fangnett rundt alle delar av området som er utsett for vind og fugl. Nettet skal vere utforma slik at det hindrar fugl å kome inn på utsett område utan at fuglane set seg fast, og skal hindre flygeavfall å passere. I opningstida kan nettet berre ha opning for driftsmaskinar dersom dette ikkje medfører auka flygeavfall eller fuglar. Nettet skal vere heilt og utan feil eller manglar til ei kvar tid.

2.4 Brannfare. På eller ved avfallsplassen skal det ikkje vere aktivitetar som kan føre til fare for brann i avfallet.

2.5 Andre anlegg/installasjonar.

a) Avfallsplassen skal vere inngjerda for å hindre ikkje-autorisert personell, husdyr, hjortedyr m.v. å kome inn på plassen. Gjerdet skal ikkje vere lågare enn 2,0 m og må vere dimensjonert for å hindre hjortedyr å passere.

b) Ved innkøyringa til avfallsplassen skal det vere solid port som skal vere låst når plassen ikkje er open for levering. Tilkomst til plassen skal vere tydeleg skilta. Ved innkøyringa skal det vere vêrherdig skilt som m.a. opplyser om reglar for tømning, opningstider, kva avfall som kan leverast, kven som er ansvarleg for løyvet og telefonnr. til plassen. Ein skal opplyse om prisar, og om fråsortert avfall er rimelegare å levere.

c) Avfallsplassen skal ha permanent arbeidslys. Aktivt fyllingsområde skal kunne vere opplyst i opningstida.

d) Evt. vedlikehald av maskinar skal utførast på tett flate med fall til oljeutskiljar. Olje m.m. skal takast hand om på fat eller andre, tette oppsamlingseiningar.

e) Avløp frå område der det kan verte oljehaldig avløpsvatn, skal leiast til tilstrekkeleg dimensjonert oljeutskiljar⁷. Dimensjoneringa skal minst tilfredsstillende retningslinene i forskrifta om utslepp av oljehaldig avløpsvatn, og som minimum tilfredsstillende følgjande krav:

	Minste opphaldstid	Maksimal overflatebelastning	Minste våtvolum	Minste tillate overflate
Sandfang	9 min.	10 m ³ /m ² time	1 m ³	0,6 m ²
Olje-utskiljar	Utan emulgerande vaskemiddel: minst 10 min. Med emulgerande vaskemiddel: minst 1 time	6 m ³ /m ² time	3 m ³	3 m ²

Sandfang og oljeutskiljar skal kontrollerast regelmessig og tømast når det er nødvendig, men minst 1 gong pr. år

Utvendig olje-, drivstofftank o.l. som kan romme minst 3 000 liter væske, skal skjermast mot akuttutslepp. Tankane skal vernast mot påkjørsel m.v., og ha oppsamlingsbasseng som minst rommar innhaldet i tanken, og i tillegg evt. nedbør sidan siste eigenkontroll.

f) På avfallsplassen skal det vere:

- ☞ Kontor-, opphalds- og sanitærom som tilfredsstillende krava frå arbeidstilsynet. Sanitæravløp skal byggjast i samsvar med krav frå kommunen i rolla som ureiningsstyresmakt.
- ☞ Eige område, skilt frå deponiområde der private og mindre verksemdar kan levere avfall i sorterte fraksjonar, jf. vedlegg 2.
- ☞ Sorteringsstad for stikkprøvekontroll og evt. sorteringsanalysar. I tilknytning til denne staden eller annan høveleg stad på området, skal det vere lett

⁷ Jf. "Forskrift om utslipp av oljehaldig avløpsvatn og om bruk og merking av vaske- og avfettingsmidler" – T-1043.

tilgjengelege einingar som kan mellomlagre alt avfall som må sorterast vidare før deponi og avfall som skal gjenvinnast/handsamast annan stad.

- ☞ Framført vatn, dimensjonert for brannsløkking til aktivt fyllingsområde. Opplegg og dimensjonering skal vere godkjent av brannstyresmaktene. Kapasiteten skal minst kunne gi umiddelbar fullt brannvasstrykk og -mengd som personell på staden må kunne nytte heilt inntil ordinært brannvesen kan ta over ansvaret for sløkkinga (med full kapasitet). I tillegg bør det vere eit beredskapslager av tett masse, som etter brannvesenet si vurdering er eigna til å kvele brann.
- ☞ Vaskeplass for å hindre at avfallsrestar følgjer med køyretøy ut frå avfallsplassen, og fører til fare for ureining og/eller smittespreiing.

3. Vern mot/kontroll av utslepp

- 3.1 Sigevatn.** Mengd og samansetjing av sigevatnet skal dokumenterast. Mengd skal målast kontinuerleg og vassprøvene skal takast på ein mengdeproporsjonal måte over minst eitt døgn.

Krav til minimumsprogram går fram av tabellen:

Parameter	Frekvens 4 g/år	Frekvens 2 g/år	
Leidningsevne	x		
pH	x		
Turbiditet	x		
Fargetal	x		
Lukt	x		Subjektiv vurdering vert godteke
Org. stoff (KOF ell. BOF)	x		
Nitrogen (TOT-N)	x		
Fosfor (TOT-P)	x		
Jarn (Fe)	x		
Sink (Zn)		x	
Krom (Cr)		x	
Tinn (Sn)		x	Organiske samband må analyserast dersom tinn konstant kan påvisast
Kadmium (Cd)		x	
Bly (Pb)		x	
Koppar (Cu)		x	
Kvikksølv (Hg)		x	
PAH		x	
AOX		x	Organiske stoff (miljøgifter) som inneheld fluor, klor eller brom
PCB		x	
Fenol		x	

Prøvetakinga skal fordelast jamt over året i perioden april - oktober, slik at situasjonar med særleg stor og særleg liten vassføring vert representert. Ved brann, deponering av spesielt avfall, o.l. skal frekvens auke. Omfang må også auke etter nærare krav frå fylkesmannen.

Det skal tilretteleggast for prøvetaking frå kvar skilde eining ved avfallsplassen som kan medføre ureiningsfare (m.a. komposteringsanlegget).

Prøvetakinga skal følgje rettleiing frå fylkesmannen eller akkreditert laboratorium frå Norsk Akkreditering, men minst følgje skriftlege retningslinjer frå SFT eller miljøvernavdelinga hos fylkesmannen. Analysane kan berre utførast på laboratorium som er akkreditert for slike analysar av Norsk Akkreditering eller tilsvarande.

Usikkerheit ved den enkelte vassføringsmåling skal ikkje vere over 15 %, jf. ISO 5168 (beregning av usikkerhet ved måling av volumstrømmer i væsker⁸).

Prøvetakinga skal halde fram etter at plassen er nedlagt, jf. vilkår 4.8.

Resultata skal presenterast på ein oversiktleg måte (sjå SFT-rettleiar 97:04), der uavhengig fagetat (i høve søkjaren) har vurdert gjennomsnitts- og maksimaltal i høve til venta avsig. Rapporten må vere delt i ein fagrapport og eit samandrag mynta på ålmenta. Presentasjonen skal òg ha med oversikt over resultat tidlegare år og ei samanlikning av nivå og utvikling. Resultata skal fastsetje nivået (storleiken) på påverknaden av resipienten, og må saman med resultatet av resipientovervakinga vurdere tilstanden i resipienten og kome med framlegg til evt. tiltak dersom utviklinga tilseier det. Systematisering av data (kategorisering m.m.) skal skje i samsvar med rettleiingsmateriale frå SFT, med mindre anna vert avtala med miljøvernavdelinga hos fylkesmannen.

3.2 Ferskvassførekomstar. Overflatevatn, elvar, innsjøar og grunnvatn skal ikkje verte påverka i nemnande grad av avfallsdeponiet eller aktivitetar i tilknytning til deponiet.

For innsamling, analysering, vurdering og presentasjon av data, gjeld krava som nemnd i vilkår 3.1. Tilstandsklasse for drikkevasskjelder og vassdrag skal rapporterast i samsvar med SFT-rettleiar 97:04 eller nyare.

3.2.1 Drikkevasskjelder. Alle drikkevasskjelder som kan verte påverka av avfallsdeponiet skal kontrollerast med jamne mellomrom, minst 2 gonger per år.

Minimumskrav til parametarar: bakterietal, leidningsevne, pH, turbiditet, fargetal, nitrogen (tot-N), organisk stoff, jarn (Fe) og lukt. Lokale helsestyresmakter kan setje krav om tilleggsparemetar i høve helselovgivinga.

3.2.2 Vassdrag. Utslepp frå avfallsplassen skal ikkje til nokon tid føre til nemnande ureining av Storelva, Fosselva og nærliggjande vatn (m.a. Hageskarvatnet). Prøver frå Storelva ovafor og nedanfor avfallsplassen må takast minst 4 gonger per år, dei andre minst 2 gonger per år.

Nedanfor avfallsplassen må ein minst analysere på følgjande parametarar: leidningsevne, pH, turbiditet, fargetal, nitrogen (tot-N), fosfor (tot-P), organisk stoff, jarn (Fe) og lukt. Dersom jarn viser ei vesentleg auke i høve vatnet ovafor avfallsplassen, skal det analyserast på dei andre organiske og uorganiske miljøgiftene som nemnd i tabellen under vilkår 3.1.

3.2.3 Kontrollbrønner. Det skal etablerast minst 6 grunnvassbrønner eller tilsvarande kontrollstasjonar for kontroll med ureining av grunnvassig i fjell og lausmassar. Plasseringa skal skje etter ei hydrogeologisk vurdering av kor lekkasjane frå

⁸ Jf. òg faglitteratur, m.a. SINTEF si «Håndbok for vannføringsmålinger».

eksisterande fylling og kor evt. lekkasje frå nytt fyllingsområde mest sannsynleg vil renne. Brønnane skal etablerast og sikrast mot nedtrenging av sivevatn, jf. SFT-rettleiar 91:01⁹. Prøvetakingsfrekvens skal vere minst 4 gonger per år og parameteravtal skal minst følgje vilkår 3.2.2.

3.3 **Sjøresipient.** Sildagapet-Ulvesundet skal ikkje verte påverka i nemnande grad av avfallsdeponiet eller aktivitetar i tilknytning til deponiet.

Innehavar av løyvet skal syte for og koste granskingar som fastlegg ureiningstilstanden i Sildagapet-Ulvesundet i omlag området mellom Vågsøy og Silda. Ein skal dokumentere om utsleppet på nemnande måte har endra eller vil kunne kome til å endre tilstand eller tilstandsklasse i resipienten i negativ retning m.o.t. miljøgifter og verknader på dyresamfunn på botn og dyre- og plantesamfunn i strandsona (0-24 m djup). Ein må også delfinansiere granskingar som andre større ureinarar (m.a. kommunen) får utført når det gjeld m.a. plantenæringsstoff og overgjødsling, organisk belastning, oksygensvikt og botndyrsamfunn.

Granskingane skal gjerast innan 31.12.2004 og rapport vere sendt inn til oss innan 1.3.2005. Resultata vil avgjere seinare krav til granskingsfrekvens. Uansett spesifikke minstekrav frå ureiningsstyresmakt har løyvehavar ansvar for til ei kvar tid å kunne dokumentere ureiningstilstanden i influensområdet til avfallsplassen.

Program og plan for gjennomføring må utarbeidast av kompetent og uavhengig oppdragsforskningsorgan.

Plan for kontroll med resipienten bør sendast til miljøvernavdelinga for fagleg vurdering av minstekrav. For innsamling, analysing, vurdering og presentasjon av data, gjeld krava som nemnd i vilkår 3.1. Tilstandsklasse skal rapporterast i samsvar med SFT-rettleiar 97:03¹⁰ eller nyare.

Granskingane bør så langt råd samordnast med krav som Vågsøy kommune dels har fått, dels vil få i samband med utsleppsløyve for kommunale kloakkreinseanlegg.

3.4 **Utslepp til luft**

3.4.1 Krav til avgassing. Avfallet skal deponerast og sikrast slik at oppsamling av deponigass vert mest mogeleg optimal. Dersom plassen over ein 3-års periode mottar til deponi i gjennomsnitt minst 3 000 tonn avfall pr. år, skal det straks etablerast eit oppsamlingssystem på avfallsplassen som skal kunne samle opp all deponigass. Gassen skal brennast av, og kan nyttast til energiføremål.

3.4.2 Lukt. Lukt frå avfallsplassen og tilhøyrande aktivitetar skal til ei kvar tid vere så låg at luktkonsentrasjonen ved eksisterande busetnad og offentleg område (spesielt tenkjer vi her på riksvegen) ligg under terskelverdien for attkjenning av lukta i 98 % av året (immisjonsverdi). Om nødvendig må luktdempande tiltak iverksetjast straks og utan ugrunna opphald¹¹.

⁹ SFT-veiledning 91:01. Veiledning for miljøtekniske grunnundersøkelser.

¹⁰ SFT-veiledning 97:03 (TA-1467/1997). Klassifisering av miljøkvalitet i fjorder og kystfarvann.

¹¹ Døme på tiltak kan vere kalk, betre tildekking, betre sortering, biofilter, m. fl., evt. i kombinasjon.

3.4.3 Støyavgrensing. Aktivitetar på anlegget som kan medføre støy ved naboar (immisjonsstøy) er avgrensa til følgjande tider og maksimalnivå:

- Måndag til fredag kl 7⁰⁰ - 22⁰⁰
- Laurdag kl 9⁰⁰ - 18⁰⁰
- På søndagar og heilag- eller høgtidsdagar skal avfallsplassen normalt vere stengt. Unntak kan gjerast for nødvendig opplasting og utkøyring av avfall og containerar. Ein arbeidsdag i veka kan det haldast oppe til kl. 20.00 for mottak av avfall frå private, i samband med ryddeaksjonar o.l.

Støy frå anlegget, inkl. handtering av containerar m.v. skal til ei kvar tid vere avgrensa slik:

Immisjonsstad	Dag 07 ⁰⁰ - 18 ⁰⁰ (15 ⁰⁰)	Kveld 18 ⁰⁰ - 22 ⁰⁰
Bustad og område som vert nytta som undervisningsstad	50 dB (A)	45 dB (A)
Område som vert nytta som hytteområde og rekreasjonsstad, sjukehus/sjukeheim	40 dB (A)	35 dB(A)
Transport ved bustadområde nær anlegget	55 dB (A) ¹²	55 dB (A)

Aktivitetar som medfører fare for spesiell støy, bør i størst mogleg grad gjennomførast innfor vanleg arbeidstid dvs. kl. 7⁰⁰ - 16⁰⁰ måndag til fredag.

Dersom støyen omfattar tydelege enkelttonar og/eller impulslyd skal grenseverdien for ekvivalentnivået reduserast med 5 dB. Høgaste lydnivå skal ikkje overskride grenseverdien for ekvivalentnivået med meir enn 10 dB.

Dokumentasjon på lydnivå skal følgje tilvising i SFT-retningslinje TA-506 "Retningslinjer for begrensning av støy fra industri m.v." Ny utgave, mars 1985, eller seinare retningsliner etter godkjenning frå miljøvernavdelinga hos fylkesmannen.

3.4.4 Støv. Det skal ikkje vere nemneverdig støvplage frå aktivitet på plassen eller tilkomstvegen til plassen. For å unngå støvplage må områda reingjerast/vedlikehaldast jamleg. Vegar må ha fast dekke eller støvet bindast på forsvarleg måte.

3.5 Vern mot spreiding av stoff som kan føre til smitte eller ureining. Køyretøy som har vore i kontakt med stoff som kan føre til smitte og/eller ureining (spes. hjul/understell) skal reingjerast før det forlet deponi- eller komposteringsområdet.

3.6 Krav til andre granskingar eller tilleggsgranskingar. Innehavar av løyvet skal betale for kontrollmålingar som fylkesmannen må få utført når ein fører tilsyn med vilkåra for løyvet i samsvar med §§ 48 - 51 i ureiningslova.

Innehavar av løyve kan verte pålagt å koste og/eller delta i anna overvaking og/eller gransking av resipienten (vatn, jord og luft), jf. § 51 i ureiningslova.

¹² Sett i samsvar med "Veiledende grenser for trafikkstøy" - utgitt av Miljøverndepartementet i rundskriv 29.8.1979.

4. Tiltak på og drift av plassen

4.1 Mottak av avfall. Det kan ikkje takast imot meir avfall dagleg eller kvar veke, enn at tidsrammene for tildekking og komprimering kan skje i samsvar med desse vilkåra.

Avfallsmengda som vert levert kvar dag må ikkje verte større enn at alt avfall vert forsvarleg registrert og tildekt. Største mottak pr. veke skal ikkje verte høgare enn 3 gonger gjennomsnittleg vekemengde.

Driftspersonalet skal ha nødvendig opplæring og skal ha fullstendig kunnskap om dette løyvet og planar, instruksar og rettleiingar om avfallshandteringa i kommunen. Til ei kvar tid skal det minst vere ein ansvarleg person i opningstida som har gjennomgått kurs godkjent av fylkesmannen eller SFT. Personalet skal ha spesiell opplæring i miljø- og ressursrett handtering av avfall, spesialavfall og teknisk utstyr på plassen. Fylkesmannen skal til ei kvar tid vere orientert om namn, tlf. og fagleg kvalifikasjon til vedkomande driftsansvarleg person.

Ein skal leggje vekt på god service og korrekt informasjon til transportørar og private som leverer avfall. Hjelp til disponering av avfall som ikkje kan deponerast, skal tilbydast så langt råd er.

Avvist avfall eller mellombels avvist avfall skal ein føre særskild kontroll med, jf. òg vilkår 4.6.

4.1.1 Registrering m.v. Kvar levering av avfall skal registrerast med omsyn på vekt og avfallstype. Fråsortert avfall skal spesifiserast til komponent så langt som råd. Det skal førast driftsjournal som m.a. inneheld opplysningar om leverte mengder (etter vekt), endeleg disponering (deponi, forbrenning, kompostering, materialgjenvinning, m.m.), avfallstypar, prosessoversikt, spesielle driftsproblem o.l. Kvar avfallstype og fråsortert avfallstype skal inndelast minst like detaljert som i Statistisk sentralbyrå si inndeling, eller etter nærare vedtak frå fylkesmannen, og oppgjevast med størst mogeleg presisjon. Ajourført informasjon skal når som helst kunne oppgjevast til kontrollør.

Gjenvunne og deponert avfall skal registrerast særskild frå kvar kommune som kan levere avfall i samsvar med avsnittet ovanfor.

Løyvehavar kan berre inngå avtale om transport, gjenvinning, oppbevaring, m.v. med andre dersom dei får full oversikt over mengder (i vekt) og typar som vert teke i mot.

4.1.2 Tildekking og komprimering. Restavfallet skal leggjast ut i tunne lag (maks. ca. 0,5 m) og komprimerast med kompaktor eller annan tilsvarende, tung maskin. Det aktive fyllingsområdet skal avgrensast så langt det er praktisk mogeleg av omsyn til drifta av plassen. Ope tømmeområde for restavfall som kan innehalde lett nedbrytbart organisk avfall bør ikkje verte større enn omlag 10 x 30 m. Totalt ope fyllingsareal skal ikkje verte større enn 1,0 da.

Innafor det opne fyllingsområdet skal tildekkinga skje slik:

a) Alt avfall der det er fare for restar av lett nedbrytbart organisk avfall (m.a. hushaldsavfall) skal tildekkast med inert avfall eller anna høveleg, ikkje brennbar masse

kvar tømmedag (fyllingsfront kan dekkjast med presenning). Dekklaget skal tôle belastning frå avfallsbilar, eller annan intern transport av avfall på plassen.

b) Anna avfall skal dekkjast til slik at minst mogeleg av avfallet til ei kvar tid er synleg.

Deponiet skal delast inn i celler med brann- og gassavgrensande skilje som kvar ikkje skal innehalde meir avfall enn svarande til omlag 6 månaders drift. Under ingen omstende skal ei celle innehalde meir enn omlag 6 000 tonn avfall. Kvar celle bør innehalde mest mogeleg likearta avfall.

4.2 Kontroll med samansetjinga av avfallet. Det skal gjennomførast jamlege stikkprøvekontrollar med samansetjinga av avfallet. Føremålet skal vere å hindre at avfall som ikkje vert omfatta av utsleppsløyve vert forsøkt levert¹³. Ein må få eit sikkert mål på omfanget av feil-/ulovleg levering, og kunne setje i verk tiltak mot feil- og ulovlege leveringar. Kontrollen vil og sikre eit grunnlag for generelle tiltak (informasjon, spesielle aksjonar m.m.) for å sikre ei mest mogleg miljø- og ressursrett avfallsdisponering. Omfanget må vere statistisk representativt i høve dei ulike leveringane til plassen. Det skal førast rapport frå kontrollane. Kontrollrapportane skal takast vare på.

Kontrollen kan føregå på avfallsplassen, spesielle kontrollstader eller ved den enkelte avfallskjelde.

Ulovleg eller feillevert avfall som vert oppdaga på slik kontroll skal om mogeleg leverast til godkjent mottak på eigaren sin kostnad. Det skal kunne krevjast høgare gebyr for vidare handtering av slikt avfall.

4.3 Flygeavfall. Deponering av avfall skal skje på slik måte at det ikkje oppstår nemneverdige ulempe med flygeavfall. Fangnett for flygeavfall skal setjast opp, jf. vilkår 2.3.

Det skal førast regelbunden (kvar veke) inspeksjon av området omkring fyllplassen for å registrere og fjerne evt. flygeavfall. Ryddeaksjonar skal gjennomførast når dette er nødvendig. Dersom det er påkravd, vil fylkesmannen fastsetje minstefrekvensar for ryddeaksjonar.

4.4 Privat levering til plassen. Køyrety som ikkje har tilknytning til kommunal renovasjon skal ikkje ha tilgang til deponiområdet, men visast til eige område, skilt frå deponiområde der private og mindre verksemdar kan levere avfall i sorterte fraksjonar, jf. vilkår 2.5 og vedlegg 2.

4.5 Drifts- og beredskapsplanar m.v.¹⁴ Det skal utarbeidast m.a.: 1) Instruks for drift av plassen, komposteringa, mottak av spesielle fraksjonar, sorteringsanlegg, m.m., 2) beredskapsplan¹⁵ og 3) plan for avslutting, lukking og etterdrift.

¹³ Stikkprøvekontrollen vil også gi attendemelding til eigarkommunane om avfall som vert levert i strid med vedtatte avfallsplanar, og difor gi kommunane høve til oppfølging.

¹⁴ Dette vilkåret presiserer og utfyller ansvaret ein har direkte i samsvar med internkontrollforskrifta.

¹⁵ Beredskapsplan skal minst omtale tilhøva som nemnd i SFT 95:09 «Beredskapsplan for avfall».

Større endringar i eksisterande planar skal straks sendast inn til vurdering. Plan 3 skal sendast inn seinast 6 månader før plassen er planlagt nedlagt.

4.6 Informasjon. Den ansvarlege skal jamleg informere abonnentar/publikum om avfallsordninga, leveringsmogelegheiter og opningstider ved avfallsmottaka. Det bør òg orienterast om miljøtilstanden i resipientane. Frekvens og omfang skal tilpassast slik at ein når dei oppsette måla/krava om fråsoring. Ein må sikre at informasjon om avfallsplassen, opningstider, handtering av ulike avfallsfraksjonar og eksisterande retur- og sorteringsordningar når ut til brukarane og publikum. Ein kan med fordel samstundes orientere om planlagde løysingar og om kommunen sitt tilsyn og kontroll med ulovlege deponi.

4.7 Rapportering. Fylkesmannen skal ha skriftleg rapport innan 1.mars årleg (eller den dato som vert sett av fylkesmannen særskild for enkelte år) om:

- Totalmengd avfall som er motteke førre år. Avfallsmengdene må vere delt etter kvar avfallskomponent (materiale), og bør grupperast under kvar avfallstype i høve SSB si inndeling¹⁶.
- Mellomlagra avfall pr. 31.12, delt på ulike fraksjonar.
- Mengde og leveringsstad for restavfall og fråsorerte fraksjonar.
- Avfallsmengdene skal så langt råd er vere fordelt på opphavskommunar. Avfall frå verksemdar med særskild utsleppsløyve frå fylkesmannen eller SFT skal gjevast opp for den enkelte verksemd.
- Omtale av drifta, informasjonstiltak, førebyggjande tiltak, unormale hendingar, spesielle problem o.l. Herunder omtale av alle skriftlege eller munnlege klagar eller merknader til drift frå andre, og samandrag av rapportar om feilsorteringar og feillevering av avfall.
- Sigevatn og resipient. (For rapportering av resipient-, kontrollbrønn-, drikkevatn, sigevassdata m.m. (sjå vilkår 3.1 - 3.3), viser vi til omtale i siste avsnitt under vilkår 3.1.)

Spesielle problem, uføresette hendingar, o.l. skal utan ugrunna opphald meldast til miljøvernavingdelinga hjå fylkesmannen.

Dersom det oppstår akutt fare for ureining skal lensmannen varslast i samsvar med forskrift om varsling av akutte utslepp. Miljøvernavingdelinga hjå fylkesmannen skal varslast seinast fyrste ordinære virkedag dersom uføresette hendingar eller andre (akutte) situasjonar fører til auka fare for ureining, eller at drift eller prosessar ved anlegget ikkje kan gå som planlagt.

4.8 Nedlegging og etterdrift. Det er ikkje tillate å leggje ned driftsfunksjonar ved anlegget eller la vere å bruke det utan førehandssamtykke frå fylkesmannen, og det er etablert tilsvarende godkjent tilbod for kommunen/-ane. Ved nedlegging eller driftsstans skal løyvehavar gjere det som er nødvendig for å motverke ureining. Ved avslutting av plassen skal alle tekniske installasjonar o.l. (som ikkje er nødvendig for

¹⁶ Sjå opplisting i vilkår 1.2 i dette vedlegget.

etterdrifta) fjernast og disponerast på forsvarleg måte. Alle nødvendige tiltak for å hindre ureining frå anlegget må gjennomførast, m.a. tømning av oljeutskiljar og slamavskiljar. Overskot av materiale/anleggsrestar skal omogeleg ombrukast.

Plan for avslutting, lukking og etterdrift (jf. vilkår 4.5) må m.a. omtale kontroll med og overvaking av sigevatn og drikkevasskjelder, gassuttak, dekkmassar og tettingslag og planlagt arealbruk. Fylkesmannen vil på bakgrunn av planen vurdere om det er nødvendig med eiga etterdriftsløyve.

Det må stillast økonomisk garanti for utgifter til etterdrift og tiltak i samband med etterdrifta¹⁷.

Den ansvarlege har plikt til etterdrift i samsvar med dette løyvet eller eige løyve så lenge som omsyn til miljø, nabolag, resipient og evt. anna bruk av området gjer det nødvendig med tilsyn etter ureiningsstyresmakta sine krav (jf. § 20 i ureiningslova).

¹⁷ Ved kommunalt eigarskap held det med forpliktande vedtak i eigarkommunen/-ane om å stille nødvendige midlar.

Vedlegg 1 B

Særskilde vilkår for handtering av våtorganisk avfall inkludert avløpslam ved Vedvik avfallsplass i Vågsøy kommune

Dette vedlegget utdjuapar spesielle omsyn som må takast for handtering av våtorganisk avfall. *Dei generelle krava i vedlegg 1 A som ikkje strir mot spesielle krav her, gjeld likevel fullt ut.*

Prinsipp. Våtorganisk avfall lagar spesielle problem på deponi og bør som hovudregel ikkje deponerast. Ressursane i avfallet bør utnyttast som jordforbetningsmiddel eller gjødsel ved aerob handsaming, eller gassen utnyttast til energiføremål ved anaerob handsaming.

Heimelsgrunnlag. I tillegg til heimelstilvisinga elles i løyvet, er desse vilkåra heimla i Forskrift om avløpslam, fastsett av Sosial- og helsedepartementet og Miljøverndepartementet 2.januar 1995.

1. Mengdeavgrensing

1.1 Mengdeavgrensing for frilandskompostering og avløpslam. Frilandskompostering kan berre skje for avfallsmengder mindre enn *1 500 tonn pr. år* (ikkje medrekna tilsetjingsmateriale). Langtidslagring av avløpslam kan berre skje for mengder frå mindre enn *5 000 p.e. (personeiningar) pr. år.*

For reaktorkompostering eller anaerob handsaming vert det ikkje sett mengdegrenser.

2. Lokalisering og tilrettelegging

2.1 Lokalisering. Anlegget skal plasserast innafor areal avsett (regulert) til avfallsplass, og plasserast i samsvar med godkjent detaljkart.

2.2 Plassering i terreng og oppbygging av mellomlager og handsamingsanlegg.

2.2.1 Hallingstilhøva. Stad som mellomlagrar eller handsamar våtorganisk avfall skal ha minst 2 % fall. mot oppsamlingspunkt.

2.2.2 Avstand til grunnvatn. Minste avstand til høgaste grunnvassnivå skal vere minst 0,75 m.

2.2.3 Tetting av botn. Det skal vere tett botn under alle delar av området der det er fare for nedtrenging av ureina (sige)vatn. Permeabilitet skal vere maksimalt $K = 1 \times 10^{-6}$ m/s målt i vassmetta tilstand. Evt. tett dekke av betong eller asfalt skal leggjast på frost-sikker grunn.

Alt vatn der det kan vere fare for påverking av avfallet skal samlast opp i tett fordroyingsbasseng som kan nyttast for returpumping til prosessane. Overskot av vatn skal førast i tett leidning til oppsamlingsssystemet for avfallsdeponiet og førast saman med dette vatnet til godkjent resipient.

Minst under den delen av anlegget der den aktive handsaminga av slammet går føre (under rankene som vert snudd med visse mellomrom), skal det vere fast dekke (betong eller asfalt).

2.3 Sikring mot smitte og ureining ved transport.

2.3.1 Krav til transporteinigar. Våtorganisk avfall skal transporterast i lukka transporteinigar. Det skal ikkje vere fare for søl eller lekkasjar frå transporten. Avfallet skal leverast til handsamingsplassen så fort som praktisk mogeleg, normalt same dag det vert samla inn.

2.3.2 Krav til leveringsstad. Transporteiniga skal tømmast slik at avfallet ikkje legg seg inntil tømmebilen. Tømminga skal skje på særskild avsett område og tømmeområdet må haldast reint.

2.3.3 Vaskeplass. Utstyr/transporteinigar o.a. som er i kontakt med våtorganisk avfall eller avløpsslam skal reingjerast jamleg. Det bør reingjerast kvar gong det forlet anlegget og minst kvar gong det er søl på utsida av transporteiniga.

2.4 Andre anlegg/installasjonar.

2.4.1 Krav til kriselager. Det skal vere tilgjengeleg lagerkapasitet på minst 20 m³ i tett tank for kortvarig mellomagring av ikkje-avvatna avløpsslam.

2.4.2 Krav til bufferlager av tilsatsstoff. På området skal det vere eit bufferlager av sand og karbonkjelde med eigna struktur¹⁸. Materialet må ikkje ureine komposten slik at bruk utanom avfallsplassen vert hindra.

2.4.3 Overbygg. Dersom gjennomsnittleg årsnedbør på staden er høgare enn 1 200 mm, skal minst den delen der den aktive prosessen går føre vere innelukka. Det same gjeld òg dersom avfallet til vanleg har for høgt vassinnhald for optimal drift (jf. pkt. 2.2).

3. Prosess og drift

3.1 Utnytting av område. Det avsette området skal berre nyttast til mottak, handsaming (inkl. stabilisering og hygienisering) og mellomagring av avfall, avfallsprodukt og tilsetningsmateriale som nemnd i dette vedlegget.

3.2 Kvalitetsskilje. Avfall med ulike produktkvalitetar skal som hovudregel handsamast kvar for seg. På handsamingsplassen skal det til ei kvar tid vere tydeleg skilje mellom ulike kvalitetar. Høgast mogeleg kvalitet skal finnast for alle kompost-fraksjonane.

Samkompostering av avfall er tillate dersom bruksområde for produktet ikkje vert forringa.

¹⁸ Som karbonkjelde kan nyttast bark, spon eller sagflis; oppflisa eller -hakka greiner eller små tre; gras, halm eller lauv; eventuelt mindre mengder avispapir eller papp.

3.3 Våtorganisk avfall utanom avløpsslam. Massen skal stabiliserast og hygieniserast på kortast mogleg tid og under kontrollerte forhold. Det skal etablerast system som kan få hygienisert massen på mindre enn 10 veker.

3.4 Avløpsslam. For kompostering av våtorganisk avfall som inneheld meir enn 25 % avløpsslam gjeld også forskrift om avløpsslam. Følgjande krav må som minimum stettast:

- Alt slam må avvattast til min. 18 % tørrstoffinnhald (TS) før prosessering.
- Dersom avvatning ved kjelde ikkje er praktisk mogleg, kan inntil 20 m³ ikkje-avvatna råslam leverast til tett tank på anleggsstaden. Dette råslammet skal avvattast så snart som råd og innan 2 veker frå levering.
- Ved luktutvikling må det tilsetjast luktreduserande stoff (kalk ell.a.).
- Dersom slammet inneheld mindre enn 30 % TS, skal slammet blandast med anna, reint organisk materiale (karbonkjelde) innan 1 veke etter mottak og leggst på seng av kverna kvist, flis e.l. eller på seng av ferdig kompost. Innblanding med strø skal vere optimal for å initiere ei vesentleg temperaturheving i blandinga¹⁹.

3.5 Bruk av produktet (komposten). Godkjent utnytting er òg topplekke og side- eller endeavslutning på avfallsdeponiet.

Bruk utanom avfallsdeponiet må tilfredsstillе krava i forskrift om slam og landbruks-tilsynet sine reglar for gjødsel og jordforbetningsmidlar basert på organisk avfall.

4. Kontroll og miljøovervaking

4.1 Krav til prøvetaking og analysar av avløpsslam. Tungmetallanalysar av avløpsslam skal takast frå råfraksjonane *før innblanding av anna materiale*. Analyseresultatet vil vere avgjerande for disponering.

4.2 Driftsansvarleg. Det praktiske arbeidet kan setjast bort til andre. Miljøvernavingdelinga hos fylkesmannen skal til ei kvar tid vere orientert om driftsansvarleg person for plassen.

¹⁹ For å få til hurtig temperaturheving må TS vere mellom 35 og 40 % og karbon bør tilsetjast for å få eit C/N-tilhøve på omlag 30/1.

Vedlegg 2

Særskilde vilkår for etablering og drift av gjenvinningsanlegg ved Vedvik avfallsplass

Dette vedlegget utdjupar spesielle omsyn som må takast ved mottak av avfall utanom ordinære renovasjonsruter. *Dei generelle krava i vedlegg 1 A som ikkje strir mot spesielle krav her, gjeld likevel fullt ut.*

1. Omfang av løyvet

1.1 Mengde. Løyvet omfattar berre så mykje avfall som forsvarleg kan takast hand om innafør dei driftstider og andre vilkår som er sette.

1.2 Mottak. Sorteringsanlegget skal ta i mot alt avfall som avfallsanlegget har løyve til å handtere, med unntak av avfall frå ordinære renovasjonsrutar og sortert avfall.

Avfall som ikkje kan sorterast, skal plasserast i eigen container/mottaksstad for frakt til sluttdisponering. Ved frakt til sluttdisponering på avfallsdeponiet skal avfallet fraktast av transportering som har lov til intern transport, jf. dette løyvet.

Ulovleg innkome avfall skal lagrast for seg, og utan ugrunna opphald leverast til rett mottaksanlegg. Skriftleg melding skal gjevast til avfallsleverandør. Ulovleg mot-teke avfall kan berre leverast attende til opphavsstad dersom ein er sikker på rett disponering av avfallshavar. Avfallsleverandør bør betale for ekstrakostnadene.

2. Oppbygging av plassen og tilrettelegging av området

2.1 Oppbygging av anlegget. Anlegget skal ha fast dekke på frostsikker grunn med kontrollert fall mot oppsamlingspunkt, -sluk og/eller -kum under alle område der det vert handtert avfall som kan medføre fare for ureining.

Mottaks- og sorteringsstad skal vere sikra mot nedbør.

Private som leverer til plassen skal ikkje måtte løfte opp tungt avfall.

Trafikk inn og ut av sorteringsanlegget må haldast atskilt.

Overflatevatn skal ikkje førast via sanitærløpsnett.

2.2 Vekt. Anlegget skal ha godkjent vekt der ein skal registrere alle avfallsmengder. Inn-transport skal kanalisert mot vekta.

2.4 Avstenging. Utanom opningstidene skal området vere avstengt med låsbar port slik at uvedkomande ikkje har tilgjenge. Det er ikkje høve til å mellomlagre avfall utanom avstengt område.

3. Vern mot/kontroll av utslepp, tiltak mot skjemmande aktivitetar

3.1 Omsyn til nærmiljø. Handtering av avfall skal skje slik at det er minst mogeleg skjemmande for omgjevnadene. Kapasiteten på anlegget skal vere tilstrekkeleg til å kunne handtere forsvarleg alt avfall som vert levert dagleg.

Dette inneber m.a. at:

- a) Anlegget og området rundt skal haldast reint for flygeavfall og anna forsøpling.
- b) Det skal ikkje vere støvulempe frå anlegget.
- c) Skadedyr som rotter, villkattar, insekt m.m. skal ikkje medføre ulempe for omgjevnadene

3.2 Brenning av avfall vert ikkje tillate. Det skal ikkje førekome aktivitetar som kan føre til fare for brann i avfallet.

4. Tiltak på og drift av plassen

4.1 Tilrettelegging for sortering. All handtering av avfall skal leggjast til rette slik at høgast mogeleg fråsortering, og med det høgast mogleg grad av gjenvinning, kan skje. Innkome avfall må kunne sorterast med ein gong.

4.2 Handtering av avfall skal skje i samsvar med utarbeidd driftsplan (jf. vedlegg 1 A, vilkår 4.5. Det skal førast dagleg oversikt over kva slag avfall og kva mengder som anlegget tek imot.

4.3 Mellomlagring. Mellomlagring av usortert avfall må ikkje vere så lang at sorteringsgraden vert dårlegare.

Mellomlagring av fråsortert avfall kan berre skje ute dersom kvaliteten på avfallet ikkje vert dårlegare i høve avsetjing til gjenvinning. Mellomlagringstida skal vere så kort som praktisk mogeleg og skal normalt ikkje overstige 1 år for nokon avfallskomponent.

Lagring av avfall som fører til lukt, blir berre tillate i maksimalt 1 veke (7 døgn).

4.4 Mengdeavgrensing. Mellomlagring av avfall (sum av usortert avfall til handtering og fråsorterte komponentar til vidare levering) skal ikkje overstige 5 000 tonn.

4.5 Sortering. Før restavfallet vert levert anna godkjent sluttdisponering, skal avfallet som eit minimum delast opp etter sitt materialopphav etter oppstillinga nedanfor. Lista er ikkje uttømmmande.

1. Papir (kvitt papir)²⁰
2. Papp og kartong (brunt papir)
3. Glas
4. Plast
5. Gummi og bildekk

Jf. "forskrift om deponering, innsamling og gjenvinning av kasserte dekk" gitt av Miljøvern-departementet 25.3.1994.

²⁰ Papir, papp og kartong og anna brennbart og eigna materiale kan leverast sams til biobrenselanlegg.

6. Jarn og anna metall
- 6A. KFK-haldige kuldemøbel
Jf. "forskrift om handtering av kasserte KFK-haldige kuldemøbel", gitt av Miljøverndepartementet 10.12.1996.
7. Mat,- slakte- og fiskeavfall
8. Treavfall
Herunder grovt hageavfall og skogsavfall.
9. Tekstil
10. Elektrisk- og elektronisk avfall (EE-avfall)²¹
Jf. "forskrift om kasserte elektriske og elektroniske produkter", fastsett av Miljøverndepartementet 16.3.1998.
11. Miljøskadelege batteri
Jf. "forskrift om miljøskadelige batteri", gitt av Miljøverndepartementet 17.7.1990 med seinare endringar (sist 7.2.1995).

Alt motteke og handtert avfall skal vegast og vekt oppgjevast for kvar av avfallstypene og avfallskomponentane som nemnd.

4.6 Informasjon. Alle som leverer til mottaket skal skriftleg gjerast merksam på kva type avfall som kan leverast.

Konsesjonshavar må medverke til tenlege sorteringssystem hos sine kundar for å maksimere avfallsfraksjonar som kan gjenvinnast.

²¹ Dersom operasjonar som må gjerast med EE-avfallet og/eller komponent i EE-avfallet inneber "handtering av spesialavfall", jf. definisjon i § 3 i spesialavfallsforskrifta, må ein søkje om særskild løyve i samsvar med § 6 i spesialavfallsforskrifta.

Vedlegg 3

Liste over spesialavfallstypar som kan takast i mot på Vedvik avfallsplass, og særskilde vilkår for handtering av slikt avfall.

Dette vedlegget utdjupar spesielle omsyn som må takast ved mottak av tillatne typar av spesialavfall. *Dei generelle krava i vedlegg 1 A, gjeld likevel fullt ut.*

Fylkesmannen gir Vågsøy kommune, på nærare vilkår, løyve til å handtere følgjande 4 typar spesialavfall på Vedvik avfallsplass.

EAK-kode	Omtale
12 02 01	Brukt blåsesand ²² (frå blåsing av materiale belagt med kadmiom, bly, arsen, koppar, kvikksølv eller tinnsamband)
13 05 03	Slam frå oljeutskiljarar
16 02 04	Kassert utstyr som inneheld fri asbest
17 06 01	Asbesthaldige isolasjonsmaterial

Generelle vilkår (gjeld alle fire avfallstypane)

- Avtale.** Før spesialavfall kan takast i mot må det gjerast nødvendige avtalar med A/S NORSAS.
- Årleg mengd.** Årleg totalmengd av dei 4 avfallstypane som kan takast i mot kvart år er avgrensa til maksimalt 5.000 tonn.
- Deklarering.** Spesialavfall som er motteke for handsaming eller deponering skal vere deklarerert i samsvar med krav i § 11 i spesialavfallsforskrifta.
- Arealavgrensing.** Avfallet skal handsamast og deponerast på eigne, avgrensa område av avfallsplassen.
- Ikkje omfatta typar.** Nokre spesialavfallstypar som ikkje vert omfatta av løyvet: Frå og med 1.1.1998 gjer vi merksam på at følgjande 8 avfallstypar berre er tillate deponert på deponi godkjent av SFT:

EAK-kode	Omtale
10 01 04	Flygeaske frå fyringsolje
10 01 11	Vandig slam frå reingjering av kjelar (der tung fyringsolje vert brent)
19 01 03	Flygeaske
19 01 04	Kjelstøv
19 01 05	Filterkakar frå reinsing av røykgass
19 01 06	Vandig avfall i væskeform frå reinsing av røykgass og anna vandig avfall i væskeform
19 01 07	Fast avfall frå reinsing av røykgass
19 01 10	Brukt aktivkol frå reinsing av røykgass

²² Gjeld også blåsesand som ikkje vert omfatta av EAK-kode 12 02 01, men som vert dekt av kriteria i forskrifta sitt vedlegg 2.

Særskilde vilkår for enkelte avfallstypar

- 1 Brukt blåsesand.** Deponiet skal vere utforma slik at vassinntrenging og vassgjennomtrenging vert minimal.

Deponert/mellomlagra blåsesand skal vere sikra mot støving ved t.d. tildekking.

Blåsesand kan nyttast som brannhindrande cellevegg.

- 2 Slam frå oljeutskiljarar.** Deponeringa skal skje i samsvar med retningsliner gitt i «*Håndbok i deponering av oljeholdig avfall*» (TA-586), likevel slik at metode som inneber samblanding med kommunalt avfall ikkje er tillate. Jf. også handboka: "*Disponering av forurenset masse*", utgitt av SFT i august 1995.

Rankekompostering skal primært nyttast. Bruk av barksengkompostering treng særskild godkjenning og må søkjast om og grunnjevast særskild.

Etter nedbryting kan avfallet deponerast.

- 3 Asbesthaldig avfall.** Levering av asbesthaldig avfall skal avtalast på førehand med driftsansvarleg på avfallsplassen.

Driftspersonalet skal ha gjennomført kurs om mottak og handsaming av asbesthaldig avfall. Arbeidstilsynet sine forskrifter og reglar gjeld i tillegg.

Avfallet må deponerast i ei ferdig utgrave grop²³, og skal straks tildekkast. Tømming og tildekking skal gjerast forsiktig, slik at ein unngår punktering av emballasje, og slik at ein unngår direkte kontakt mellom maskinane og asbestavfallet. Området for deponering må avgrensast mest mogeleg, og må avmerkast på detaljkart.

Avfallet må deponerast på slike område av avfallsplassen at faren for oppgraving seinare av avfallet vert minimal.

Med heimel i § 14 i spesialavfallsforskrifta er det gjort unntak etter § 5, 2.ledd i forskrifta slik at asbesthaldig avfall kan gravast ned i anna avfall (samdeponerast).

²³ Gjeld når fyllinga har nådd tilstrekkeleg høgde over tettingslaga.

Vedlegg 4

Særskilde vilkår for mottak av oljehaldig avfall frå akutte utslepp på sjø eller land

Dette vedlegget utdjupar spesielle omsyn som må takast ved mottak av oljehaldig avfall. *Dei generelle krava i vedlegg 1 A, gjeld likevel fullt ut.*

Oljehaldig avfall frå akutte utslepp på sjø eller land kan under visse omstende vere nødvendig å mellomlagre eller disponere på fylling. Slikt avfall kan handsamast på fyllplassområdet når dei generelle og spesiell vilkåra under vert følgde. Uansett må slikt avfall takast i mot og handsamast når ureiningstyresmaktene (fylkesmannen, SFT eller MD) har pålagt handtering av avfallet,.

- 1 Førebuing.** Plassen må vere budd på mottaket på førehand, m.a. må det vere avsett særskild område og det må vere tilstrekkeleg adsorberande materiale til å hindre avrenning frå deponeringa.
- 2 Vern mot ureining.** Avfallet må handsamast slik at faren for ureining vert minimalisert så langt teknisk og økonomisk mogeleg. Handtering skal ikkje føre til fare for brann.
- 3 Handsaming.** Handsaminga må skje i samsvar med metode 1 (kompostering²⁴) i kap. 3. i handboka «Disponering av forurenset masse» utgitt av SFT 1995 eller nyare rettleiing. Avfallet skal handsamast skilt frå anna organisk avfall (jf. vedlegg 1 B).
- 4 Sluttdisponering.** Avfallet kan berre disponerast endeleg etter nærare samråd med ureiningsstyresmaktene (sjå over).
- 5 Journal.** Det skal førast særskild journal for mottaket.

²⁴ Metode 1 a: Bioreaktorkompostering. Metode 1 b: Rankekompostering. Metode 1 c: Barksengkompostering. Sjå nærare rettleiing i bilag 4.

Vedlegg 5

Nokre definisjonar på viktige ord og uttrykk

Avfall: Jf. definisjonen i ureiningslova:

”Med avfall forstås kasserte løse gjenstander eller stoffer. Som avfall regnes også overflødige løse gjenstander og stoffer fra tjenesteyting, produksjon og rensenanlegg m.v. Avløpsvann og avgasser regnes ikke som avfall.

Som forbruksavfall regnes vanlig avfall, også større gjenstander som inventar o.l., fra husholdninger, mindre butikker o.l. og kontorer. Det samme gjelder avfall av tilsvarende art og mengde fra annen virksomhet.

Som produksjonsavfall regnes avfall fra næringsvirksomhet og tjenesteyting som i art eller mengde atskiller seg vesentlig fra forbruksavfall.

Som spesialavfall regnes avfall som ikke hensiktsmessig kan behandles sammen med forbruksavfall på grunn av sin størrelse eller fordi det kan medføre alvorlige forurensninger eller fare for skade på mennesker eller dyr.”

Avfall frå byggje- og anleggsverksemd (BA-avfall) (tidl. namn: Byggje- og rivingsavfall): Material, gjenstandar, emballasje og restar frå byggje- og anleggsverksemd, riving og rehabilitering (definisjon frå SSB).

Avfall frå industriverksemd: Produksjons- og forbruksavfall frå industriverksemd. Inkluderer m.a. kontoravfall, emballasje, kasserte driftsmiddel og avfall frå verkstad i industriverksemd (definisjon frå SSB).

Avfall frå tenesteytande næringar (Tidl. namn: "Kontor-, forretnings-, institusjons-, restaurant-, hotellavall o.l."): Avfall frå m.a. kontorarbeidsplassar, helse- og sosialtenesta, skular, forsvaret og verkstader for hushaldsartiklar og motorkøyretøy. Avfallet består i stor grad av papir, matrestar, emballasje, kasserte varar og møblar (definisjon frå SSB).

Avløpsslam: Avløpsslam er "avfall" etter § 27 1.ledd i ureiningslova, og skal difor handterast i samsvar med reglane om avfall. Avløpsslam er definert i slamforskrifta og omfattar m.a. slam frå avløpsreinseanlegg og slamutskiljarar (både kommunale og private). Ristgods og slam frå avløpsristar, sandfang og industrielt prosessavløpsvatn er ikkje omfatta av definisjonen.

Her er rekna det innhaldet frå avløpsanlegg som til vanleg inneheld over 18 % tørrstoff. Avløpsvatn må til vanleg handsamast (s.d.) for å oppnå ein fraksjon som inneheld så mykje tørrstoff.

Bionedbrytbart avfall: Alle typar avfall der det kan gå føre ei anaerob eller aerob nedbryting, så som matrestar og hageavfall samt papir og papp. Nedbrytingsprodukta vert tilført miljøet i væskeform (i sigevatn ell.a.) eller gass (metan, CO₂, m.v.).

Bransjeavtalar: Avtalar som er inngått mellom Miljøverndepartementet og verksemdar som produserer, importerer, brukar eller omset emballasje. Det er førebels returoordningar for ulike typar emballasje, elektrisk og elektronisk avfall, bilvrak og dekk. I avtalane pliktar næringslivet seg til å nå minimumsmål for innsamling (s.d.) og gjenvinning (s.d.) av emballasjeavfall innan utgangen av 1999. Målet for drikkekartong skulle nåast innan 1997.

Måla er 30 prosent materialgjenvinning (s.d.) og 50 prosent energiutnytting (s.d.) for plast. For ESP-plast (isopor), er målet 60 prosent gjenvinning, der ein vil nå minst 50 prosent materialgjenvinning og resten energiutnytting. For drikkekartong og metall er målet 60 prosent materialgjenvinning. Målet for brunt papir er 80 prosent gjenvinning, der ein vil nå minst 65 prosent materialgjenvinning og resten energiutnytting. For kartong er målet 60 prosent gjenvinning, der ein vil nå minst 50 prosent materialgjenvinning og resten energiutnytting.

Disponering: Endeleg utnytting av avfallet. Døme kan vere deponering på godkjent avfallsplass, forbrenning eller gjenvinning (s.d.).

Energiutnytting: Utnytting av energien i avfallet som varme eller straum gjennom kontrollert forbrenning i godkjent omn eller ved pyrolyse.

Fråsortering: Mekanisk handsaming av avfall for å skilje ut komponentar til gjenvinning og redusere omfang og farlegheit av restavfall.

Gjenvinning: kan forståast som å nyttiggjere seg avfall og andre restprodukt. Gjenvinning omfattar både materialgjenvinning (s.d.) og energiutnytting (s.d.).

Handsaming: Fysiske, kjemiske eller biologiske prosessar som endrar avfallet sine eigenskapar med formål om å minske omfang eller farlegheit for å gjere anna handtering lettare eller fremje gjenvinning. Her gjerne brukt i samband med fråsortering (s.d.) eller kompostering (s.d.). (Bokmålsuttrykk: "behandling")

Handtering av avfall (avfallshandtering): Ei fellesnemning for innsamling (s.d.), mottak (s.d.), mellomlagring (s.d.), handsaming (s.d.) og annan disponering av avfall (her oftast sluttdeponering av avfall og vern mot ureining frå deponiet).

Inert avfall: Avfall der det ikkje skjer signifikante fysiske, kjemiske eller biologiske forandringar. Inert avfall er korkje oppløyselig eller brennbart eller på anna måte fysisk eller kjemisk reaktivt; det er ikkje bionedbrytbart og har ingen negativ innflyting på anna materiale det kommer i kontakt med, på ein slik måte, at det kan rekne med å ville medføre ureining av miljøet eller skade mennesket si helse. Avfallet sitt samla sigevatn og innhald av ureinande stoff og sigevatnet sin økotoksisitet skal ha lite å seie og må ikkje nemneverdig bringe overflatevatnet og/eller grunnvatnet sin kvalitet i fare.

Døme: Naturlege jord- og steinmassar, sortert og knust betong, betongvarar og tegl.

Innsamling: henting av avfall hos ein eller fleire avfallshavarar.

Kompostering: Biologisk nedbryting og stabilisering av organisk avfall.

Lukt: Lukt er eit sanseinstrykk og er *ingen direkte målbar fysisk eller kjemisk storleik*. Eit luktinstrykk er vanlegvis et *samansett sanseinstrykk* av mange forskjellige luktkomponentar som verkar samstundes og i avhengigskap av kvarandre. For å kunne *gjenkjenne ein lukt* må konsentrasjonen være 2x til 10x høgare ein luktterskelverdien. *Luktas karakter* vert gjerne omtalt ved å samanlikne med kjente luktinstrykk. *Luktensansen er ein svært følsam sans* som for enkelte luktkomponentar er lett gjenkjennelig sjølv ved konsentrasjonar som er vanskelig målbare ved analytiske metodar.

Den europeiske komiteen for standardisering (CEN) er i ferd med å ferdigstille ein standardisert metode for måling av luktterskelverdiar. Som EØS-land må Norge implementere denne standarden som en del av sitt regelverk. CEN-standarden definerer ein *europeisk lukteining, OU_E/m^3* , som svarar til den lukta ein får når 123 μg n-butanol fordampast inn i 1 m^3 nøytral gass ved standard vilkår (0,040 $\mu\text{mol/mol}$, eller 40 ppb).

Ein må rekne med at det i vilkåra seinare vert stilt spesifiserte krav til luktemisjon i samsvar med CEN-standard.

Mellomlagring: Mellombels lagring av fråsorterte avfallsfraksjonar i påvente av levering til gjenvinning eller ombruk. Som mellomlager meiner ein all lagring av avfall som overstig eit døgn. Mellomlager kan skje på fast stad eller i mobil (flyttbar) eining.

Materialgjenvinning: Utnytting av avfallet slik at ein eller fleire av materialkomponentane i avfallet vert brukt på nytt, anten direkte eller som råstoff i nytt produkt.

Mottak: Eit tilbod frå løyvehavar der avfallshavar kan levere avfall.

Risikoavfall (problemavfall)²⁵: frå sjukehus (biologisk avfall, smittefarleg avfall, medisin-/legemiddelrestar, stikkande/skjerande avfall, o.l. avfall frå sjukehus/helsetenesta) som ikkje er hygienisert i samsvar med krav frå helsetilsynet²⁶

Restavfall: Avfall som ikkje er fråsortert for gjenvinning eller spesielt farlege eigenskapar (spesialavfall) og som difor kan sluttdisponerast på avfallsdeponi eller forbrenningsanlegg.

Våtorganisk avfall: Avløpsslam og organisk avfall frå matrestar; hagar, parkar, kommunale parkanlegg o.l.; næringsmiddelindustri (gjærings- og fôringsrestar, vomfyll og anna avfall frå meieri, slakteri, konserver og bryggeri), fiskeforedling og landbruk i samsvar med omtale i § 26 i ureiningslova og kap.1 i forskrift om avløpsslam ("slamforskrifta"). Avfallet kan òg vere samansett av to eller fleire av desse fraksjonane.

²⁵ Sjå rettleiingsmateriale frå arbeidstilsyn (m.a. Arbeidsmiljølova) og fylkeslege.

²⁶ Sjå m.a. IK-2348 frå Helsedirektoratet.